



Deres ref:

Vår ref:  
2020/590

Sakshandsamar:  
Finn-Arild Bystrøm

Arkivkode:

Dato:  
24.04.2020

## Korona, Covid-19 – Status for 5.april - 24.april 2020

### 5-24.APRIL OPPSUMMERT

Ingen påvist smitta av korona, covi-19 i Seljord kommune

Beredskapsleiing er oppretthaldt, men skalert ned i omfang frå 21.04.20

Smittevernustyr byrjar å kome på plass, men ikkje heilt i mål enno

Barnehagar opnar 23.04.20, skule opnar 27.04.20

Til no har 147 svart på undervegs-evaluering av beredskapsarbeidet i Seljord



Øving i fyrstehjelp i koronatider


### EIN PERIODE KOR VI JOBBAR MOT EIN NY NORMALITET

Pr 24.april 2020 er det ingen registrerte smitta i Seljord, men fleire er i karantene.

Formannskapet vedtok ein forlenging av karantenepåbodet til 1. mai 2020 for folk som har våre i Oslo og Viken fylke, utanom Kongsberg kommune. Dykk finn forskrifta på [Seljord kommunes heimeside](#)

Det har våre beredskapsleiing i heile perioden. Beredskapsleiinga møtast man, ons- og fredag på Teams mellom kl 08:00-09:00. Frå 21.04.20 har vi skalert ned talet som møtast i takt med utvikling av situasjonen.

Ute i tenestene forsøker ein no å jobbe seg til ein ny normalitet i drift i koronatider. Skuler forebur opning, barnehagar har opna, helsetenester har byrja å gjere det same. Det er bra vi jobbar mot ein ny normalsituasjon. Det er bra, men vi må vera førebudd på at situasjonen ikkje er over.



Kurva over viser den siste prognosen for sjukdomsutviklinga. Vi er no på blå kurve nede til venstre kor reproduksjonstalet (smittetalet)  $R=0,7$ .  $R$  under 1 betyr at sjukdomsutviklinga blir redusert. Raud kurve er forventa utvikling framover med  $R=0,7$



# Seljord kommune



Frå opninga av Heddeli barnehage 23.04.20

## Små og store spørsmål som har dukka opp


### Sp: Kva skjer når Noreg no byrjar å opna igjen?

**Sv:** Nasjonalt opnar visse funksjon på nytt. Skuler, barnehagar, helsetenester, frisørar og liknande. Dette er gledeleg og eit resultat av gode smitteverntiltak. Men dette kan snu seg raskt. Dersom Reproduksjonstalet (smittetalet)  $R$  endrar seg litt gir det kraftig endring i sjukdomsutvikling.

### Teamsmøte med lyd



### Teamsmøte med video



### Sp: Korleis gikk evalueringa Seljord kommunes handsaming av korona, Covid-19

**Sv:** I skrivande stund har 147 svara på undersøkinga. Det er eit himla bra tall. Evalueringa er ope fram til midnatt 24.04.20, link til undersøkinga finn du her <https://bit.ly/3ez5hKf>. Aanalysen vil ta nokre dagar. Det eg allereie kan seie er at dykk har gitt oss mange gode innspel, tips og tilbakemeldingar som vil gjere oss ennå betre framover.

Hovudinstrykket so langt er at dei fleste er nøgd med korleis ting er blitt handsama, på arbeidsplassen og i kommunen generelt. Meir om dette kjem ut når analysane er gjort



# Seljord kommune



## RÅDMANNEN HAR ORDET

Gode tilsette i Seljord kommune.

Svara frå evalueringa viser meg klart og tydeleg kva som er gullet i Seljord kommune, dokker tilsette!

Dykk er rause, fleksible, dyktige og høgt kompetente. Aldri har vi måtte endre på så mykje, så kjapt og altomgripande som det vi har gjort dei siste månadene. Og det har dokker gjort med oppbretta ermer og friskt mot. Dette har vi aldri gjort før, så det skal vi klare. Det er sikkert og vist.

Nå kor vi har hatt høgt tempo og mange har jobba mange timar er det viktig å sette fokus på kvile og avkobling. Dette er eit signal som gjeld alle programområda.

Finn-Arild Bystrøm

Rådmann

## Informasjon

Alle blir oppmodar til å følgje med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)
- Helse Noreg, [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel [NRK](http://NRK)
- Seljord kommunes heimesider, [www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)

**Vanar som førebyggjer smitte**

- Papirlommetørkle**  
framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.
- Bruk olboge-kroken**  
når du må hoste eller nyse og ikke har papirlommetørkle tilgjengelig.
- Vask hendene**  
ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.
- Handdesinfeksjon**  
med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

FHI Folkehelseinstituttet  
Helsedirektoratet